

[Skriv ut](#)[Lukk](#)

SV: Ulovlig etablert avkjørsle - Grønnfjellet gbnr 108/117

Fra: Rune Kilen (Rune.Kilen@lindas.kommune.no)
Sendt: 22. januar 2015 15:43:51
Til: Kristin Nielsen (Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no)
Kopi: Atle Dingen (Atle.Dingen@lindas.kommune.no); Linda Folkestad (Linda.Folkestad@lindas.kommune.no); Anne Irene Nygård (Anne.Nygaard@lindas.kommune.no); Tor Hegle (Tor.Hegle@lindas.kommune.no); audmaritnygaard@hotmail.com (audmaritnygaard@hotmail.com)

Hei,

Teknisk drift treng meir tid til å finne ut av problema med overvatnet. Eg har nett vore og kikka på området og eg klarer ikkje å se at etableringa av avkjørsla har så mykje med vasstrukken jorde på nabotomta å gjere, sjølv om kistegrøfta har vorte gjenfylt. Eg tek ikkje stilling til lovlegheiten av avkjørsla, då eg ikkje kjenner bakgrunnen.

Som eg nemnte i Byggesaksvakta så har vi eit generelt problem med overvatn i området, og ein evt stenging av avkjørsla vil i så ikkje løyse noko som helst. Eg har tatt nokre bilete som illustrerer situasjonen godt. Eg trur vi skal klare å løyse problema både her og elles i Kolåsveg-området ved å gå grundigare til verks – men då må vi finne årsaka til vassproblema og investere i eit betre overvatnssystem for denne delen av Kolåsfeltet. Eg kan snakke med Aud Marit Nygård når vi har fått litt meir kjøt på beinet.

Med vennleg helsing

Rune Kilen

Avdelingsleiar Veg

Eining for teknisk drift, Lindås kommune

56 37 56 82 / 474 80 311 Fax. 56 37 50 01

rune.kilen@lindas.kommune.no

Fra: Kristin Nielsen
Sendt: 21. januar 2015 14:10
Til: Rune Kilen
Kopi: Atle Dingen; Linda Folkestad; Anne Irene Nygård; Tor Hegle
Emne: Ulovlig etablert avkjørsle - Grønnfjellet gbnr 108/117

21.01.2015

Avdelingsleiar veg, Rune Kilen,

Vi takker for at du kunne møte oss i Byggesaksvakta i går i høve til spørsmål om avkjørsle på gbnr 108/117.

Du sa at du ville undersøkje om Teknisk drift har kome med vedtak i saka eller tilsvarande.

Vi – Benjamin Hicks og undertegnede – har i dag vore i kontakt med Aud Marit Nygård som fylgje av at ho har funne dokumentasjonen som vart omtalt på møtet i Byggesaksvakta. Det «avslaget» Nygård sikta til er dykkar brev av 24.06.2013 med arkivkode 2013/1272. Vi tek no kontakt med deg for at naudsynte tiltak blir iverksett raskast mogleg.

Nygård meiner at de (Teknisk drift) har gitt eit enkelt vedtak som kan påklagast. Vi har etter beste evne prøvd å formidle at dette var eit brev og ikkje vedtak. Ho meiner at tilbakemeldinga frå Teknisk drift ikkje var tilstrekkeleg. Vi er berden om å ta kontakt med deg for at du kan ringe ho i morgon om brevet, samt om eventuelle tiltak Teknisk drift kan gjere for at avkjørsla blir øyeblikkeleg stengt og kistegrøfta gjenoppretta. Hennar telefonnummer er 911 53 483.

Historikk:

Det var tidlegare sendt inn søknad om etablering av garasje. Byggesaksavdelinga sendte ut mangelbrev der det mellom anna gjekk fram at bygging av avkjørsla også måtte søkast om. Noko som ikkje vart gjort. Søknaden vart seinare avvist då vi ikkje fekk den dokumentasjonen vi ba om. Avkjørsla vart bygd før søknaden kom inn.

Nygård forklarte seg i Byggesaksvakta (20.01.2015) om utfordringane på staden med omsyn til drenering, som etter hennar vurdering er forårsaka av avkjørselen og dennes utforming og oppbygging. Vidare vart det vist til at eigar av gbnr 108/117 bruker kommunens grunn til plen heilt ut til vegkant. Grøfta som var her er altså gjenfylt og dette medfører at vannet som gjekk inn i det kommunale avløpssystemet (overvannsleidning) via kistegrøft, no går ein omveg via naboeigedomar. Dette er påstått medført at den beste innmarka på gården er under vann og at andre grunneigarar no har fått vannskader (garasje).

Dersom Byggesaksavdelinga skal prøve å hjelpe til via tilsyn og ulovleghetsoppfølging, vil saka kunne ta lang tid. Då teknisk drift har heimel etter veglova for å ta avgjerd om stenging av avkjørsle/utbetring, at avkjørsla ikkje er bygd i samsvar med forskriftskrav etter veglova, samt at ved utføring av tiltaket har kommunens veg blitt øydelagt ved at grunneigar har tatt i bruk vegggrøft, ber vi at de tek fatt i saka snarast. Dette kan også gjerast av kommunen som grunneigar. De må då ta kontakt med Eigedomsavdelinga. (Vi minner om at det ligg kommunale leidningar i kantveg).

Dersom de ikkje vil gjere noko, ber vi om tilbakemelding og at de informerer Nygård.

Vi har bedt Nygård om ei skriftleg tilbakemelding på saka, vedlagt fotos som var vist på mobilen hennar. Dette for at vi på byggesak skal kunne få moglegheit til å fylgje opp saka dersom denne ikkje vert løyst av dykk.

Vi ber at denne e-posten vert sendt vidare til Aud Marit Nygård. Vi har dessverre ikkje hennar elektroniske kontaktopplysningar.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen og Benjamin Hicks

Rådjevarar byggesak

Kopi er sendt dotter til vår kontaktperson (Anne Irene Nygård), som tidlegare har hatt kontakt med Linda Folkestad.

Kopi er sendt assisterande teknisk sjef, Atle Dingen, då brannkum i nærleiken har blitt påverka som fylgje av tiltaket.



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk drift

Besøksadresse:

Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001

Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Heimeside: www.lindas.kommune.no

Kartside: www.nordhordlandskart.no

Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Anne Irene Nygård

Grønnfjellet 80
5955 LINDÅS

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Linda Folkestad

Vår ref.

2013/1272 - 0 -
15552/2013

Telefon

56375170

Arkivkode:

Q10

Dato:

24.06.2013

Svar på førespurnad om avkjørsle frå kommunal veg

Teknisk drift, VVA, syner til telefonsamtale 24.06.2013 i samband med etablering av avkjørsle nr. 2 frå kommunal veg på Gbnr.108/117 på Lindås.

Teknisk drift, VVA, har i uttale den 08.03.2012 gitt positiv tilbakemelding til byggesak om etableringa av avkjørsle i nord på eigedommen. Avkjørsle er av vegmynde vurdert som den beste tilkomstvegen til eigedommen. Vegmynde har i uttalen satt som vilkår om at avkjørsle i sør skal stengjast med grind. Avkjørsle i sør får avgrensa bruk der eigar berre kan nytte denne til å få campingbil/campingvogn eller båthenger inn/ut frå eigedommen.

Med helsing

for

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift



Anne I. Nygård

Grønfjellet 80

5955 Lindås

Lindås 06.03.12

Marius Sagen

Grønfjellet 79

5955 Lindås

Merknader til Nabovarsel

Viser til nabovarsel sendt til Aud Marit Nygård, Kolåsveien 100, 5955 Lindås. Undertegnede eier Gnr 107, bnr 9 sammen med Aud Marit Nygård, og inneværende merknad er å regne som merknad fra eiere av nevnte bruk (se også vedlagte signatur).

Når det gjelder oppsetting av dobbel garasje på Gnr 108, Bnr 117, har eiere av Gnr 107, bnr 9 ingen merknader, men kun dersom oppføringen av garasjen blir tilknyttet eksisterende godkjente avkjørsel.

Vår merknad gjelder det som i nabovarselet omtales som «ny avkjørsel». Dette området er allerede opparbeidet og i bruk som avkjørsel. Undertegnede er også eier av Gnr 107, bnr 29, og har tidligere henvendt seg til Lindås kommune vedrørende denne avkjørselen. Dette i forbindelse med at det som av forrige eier av Gnr 108, Bnr 117 først omtalte som «planering av hage» ble tatt i bruk som innkjørsel. Tilbakemeldingen fra kommunen var den gang at som avkjørsel var dette var oppført uten tillatelse, at eiendommen kun skulle ha en avkjørsel, og at avkjørselen måtte stenges. Det konstateres at så ikke har skjedd.

Det undrer oss at det nå kan søkes om dette som avkjørsel. Undertegnede har klare motforestillinger mot den såkalte «nye» avkjørselen. Gnr 107, bnr 29 har sin avkjørsel over Gnr 107, bnr 9 og inn på det som i varselet omtales som «kommunal blindvei». Denne avkjørselen møter den kommunale veien i 90 graders vinkel, og rett ovenfor er den «nye» avkjørselen til Gnr 108, Bnr 117. Hagen til eiendommen med adresse Grønfjellet 78 tilgrenser både den kommunale veien og avkjørselen til Gnr 107, bnr 29. I sommerhalvåret medfører dette dårlig sikt med hensyn til møtende trafikk grunnet beplantning. I vinterhalvåret er der relativt mørkt da gatelys selvsagt ikke er satt opp i blindveien. Blindveien brukes daglig av fotgjengere da lokalbefolkningen går denne veien i tilknytning til å krysse innmarken til Gnr 107, Bnr 9. Når det er snø, er antallet «myke» trafikanter langs blindveien stort da barna i nrområdet bruker nevnte innmark til aking og skilek. Blindveien har ikke fortau. Da biltrafikk på blindveien i all hovedsak har vært beboerne i Grønfjellet 80, har dette tidligere ikke utgjort noen stor risiko. Undertegnede frykter imidlertid at fortsatt bruk (og godkjenning) av «ny» avkjørsel vil kunne skape farlige situasjoner og i verste fall ulykker. Vi stiller oss også undrende til at en her i praksis ber om «tilgivelse» heller enn «tillatelse» når det gjelder omtalte avkjørsel.

Med hilsen

Anne I. Nygård og Jarle R. Fehn

Lindås 25.februar 2012

An. Gårdsbruk gnr. 107 Bnr. 9 - Kolåsvegen 100.

Gårdsbruket eies av Anne Irene Nygård og Aud Marit Nygård.

Merknader til nabovarsel fra eiendom Gnr. 108 Bnr. 117 - Grønfjellet 79 gis av:
Anne Irene Nygård.

Aud Marit Nygård

Aud Marit Nygård